

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		17.02.2021
Fylkesutvalet		02.03.2021
Fylkestinget		09.03.2021

Fv. 5156 Åsen - Helleskaret, endringar i investeringsprosjektet

Forslag til innstilling/vedtak

1. Løyving til investeringsprosjektet Åsen - Helleskaret vert auka med 17,6 mill. kr, frå 121,2 mill. 2021-kr til 138,8 mill. 2021-kr. Auken vert lagt inn i med 12,6 mill. kr i 2023 og med 5 mill. kr i 2024.
2. Fylkestinget aksepterer at nytt kostnadsoverslag vert lagt til grunn for kostnadsdelinga 1/3 på fylkeskommunen og 2/3 på Bjørnafjorden kommune. Fylkestinget aksepterer også deling av risiko i prosjektet på følgjande vilkår:
 - Det vert sett i gang skoghogst og ytterlegare grunnundersøkingar. Etter at dette er gjennomført skal fylkesrådmannen vurdere kostnadsoverslaget på nytt. Viss prosjektkostnaden framleis er innafor 138,8 mill. kr +/- 10 % vil prosjektet fortsette. Viss det er overskridningar må fylkesrådmannen diskutere vidare framdrift med Bjørnafjorden kommune og kome attende til fylkestinget med ei ny sak.
 - Bjørnafjorden kommunen får ikkje refundert påløpte kostnadar dei har hatt så langt i samband med planlegginga av prosjektet.
3. Auken i prosjektkostnad vert finansiert slik:
 - Auka tilskot frå Bjørnafjorden kommune med 8,1 mill. kr, frå 66,8 mill. kr til 74,9 mill. kr
 - Auka låneopptak med 6,9 mill. kr, frå 30,6 mill. kr til 37,5 mill. kr
 - Auka meirverdiavgiftskompensasjon med 2,6 mill. kr, frå 23,8 mill. kr til 26,4 mill. kr.

Samandrag

Investeringsprosjektet Åsen - Helleskaret i Bjørnafjorden kommune er eit prosjekt som det har vore arbeidd med over lang tid, men enno ikkje realisert. Nytt kostnadsoverslag syner ein kostnadsauke på 17,6 mill. kr. Vidare vert det tilrådd at nytt kostnadsoverslag på 138,8 mill. kr vert lagt til grunn for kostnadsfordelinga mellom fylkeskommunen og Bjørnafjorden kommune. Vidare vert det tilrådd at fylkeskommunen også tek på seg å dekke sin andel av risiko i prosjektet på gitte vilkår.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Johanne Lefdal
fylkесdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Prosjektet Åsen - Helleskaret i Bjørnafjorden kommune er eit prosjekt som det har vore arbeidd med over lang tid, men enno ikkje realisert. Fylkesrådmannen vil difor innleiingsvis informere litt om historikken til investeringsprosjektet.

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vedtok i sak 60/2016 oppstart av ny fylkesveg mellom Åsen og Helleskaret i Os kommune, no Bjørnafjorden kommune. Følgjande vedtak vart fatta i sak 60/2016

1. Fylkestinget godkjenner oppstart av fylkesvegprosjektet Åsen - Helleskaret i Os kommune og legg til grunn ein prosjektkostnad på 61 mill. kr inklusive mva.
2. Fylkestinget godkjenner at Os kommune dekkjer 2/3-delar (34,1 mill. 2016-kr) av prosjektkostnaden etter frådrag av meirverdiavgift. Fylkeskommunen står ansvarleg for eventuelle meirkostnader. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Os kommune.
3. Fylkestinget legg til grunn at fylkesrådmannen kjem attende til prosjektet i budsjettet for 2017, og eventuelt til budsjettendring for 2016.
4. Fylkestinget legg til grunn at deler av Fv 161 og/eller Fv 163 vert nedklassifisert til kommunal veg etter forslag frå Statens vegvesen.

I budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022 sto følgjande omtalt om prosjektet:

Reguleringsplanen i samband med fylkesvegprosjekt mellom Åsen og Helleskaret er vedteken av Os kommune. Planen gjeld ei 1300 meter ny vegstrekning med to felt som vert tilkomstveg frå Søvika/ Helleskaret til den nye E39. Vegen vil og kunne binde saman bustadområda ved Lysefjorden og industriområdet i Endelausmarka. Planen inneholder separat gang- og sykkelveg, kryss og tilkomstveg med fortau til bustadområdet Hellebakkane. Vegen vil avlaste noverande fv. 161 og fv. 163. Førebels legg ein opp til at kommunen er byggherre for prosjektet. Den vidare dialogen med kommunen er viktig i høve til planlagd oppstart og trøng for midlar. Prosjektet vert truleg ikkje sett i gang før 2021.

Sist fylkestinget i Hordaland vart orientert om prosjektet er i tertialrapport 1/2019. Då sto følgjande omtale:

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget sitt vedtak i sak 60/2016, der Hordaland fylkeskommune godkjende oppstart av ny fylkesveg mellom Åsen og Helleskaret i Os kommune. Fylkeskommunen skulle dekka 1/3 av ein estimert prosjektkostnad på 61 mill. kr. Os kommune skulle stå for 2/3 av kostnadane, ved hjelp av rekkeføljelekav/bidrag frå utbyggjarar.

Prosjektet vart ikkje starta opp ettersom tiltaket viste seg å bli vesentleg dyrare enn føresett i saka. Os kommune har arbeidd vidare med prosjektet, og det er venta at kommunen vil vedta ny reguleringsplan. Kommunen planlegg dette som eit kombinert VA- og vegprosjekt. Kostnadsoverslaget viser 118 mill. kr eks. mva for vegdelen.

Det blir no arbeidd med å få kostnadane for prosjektet ned. Fylkesrådmannen vil saman med Os kommune vurdere nærmare konsekvensane av foreslalte kostnadskutt, og kvalitetssikre kostnadsestimata inklusive avsetjing for usikkerheit.

Det er som tidlegare lagt opp til at Os kommune finansierer 2/3 og fylkeskommunen 1/3 av fylkesvegdelen av prosjektet. I og med at kommunen kombinerer prosjektet som eit VA og vegprosjekt, ser fylkesrådmannen det som naturleg at Os kommune står som byggherre. Kommunen planlegg oppstart av prosjektering i 2019 og ferdigstilling samtidig med at E39-prosjektet Svegatjørn - Rådal opnar i 2022. Derved er det behov for midlar til prosjektering i 2019. Fylkesrådmannen vil koma attende til fylkestinget med den samla finansieringa av prosjektet.

I september 2019 handsama Os kommunestyre i sak 76/2019 Finansiering av fylkesveg Åsen - Helleskaret. Følgjande vart vedteke:

1. Os kommunestyre godkjenner prosjektramma for utbygging av fylkesveg Åsen - Helleskaret på kr 89,5 millionar kroner.
2. Prosjektet føreset eit spleislag mellom fylkeskommunen, kommunen og private interesser i området. Os kommune, seinare Bjørnafjorden kommune, tek risikoen for eventuelle overskridinger.
3. Os kommunestyret godkjenner at Os kommune tek på seg byggherreansvaret for prosjektet og at vegen blir overført til Vestland Fylke når den står ferdig.
4. Os kommunestyre godkjenner følgjande finansieringsplan for prosjektet :
 - a. Tilsot frå Hordaland Fylkeskommune på 1/3 av prosjektrammen, pt kr 29,8 mill kr.
 - b. Os kommune legg ut for 2/3 av prosjektrammen, pt 59,7 mill kr.
 - c. Os kommune sin del finansierast ved bruk av driftsfond:

Konto 2 5600 018 - Fylkesveg Åsen-Helleskaret 40,9 mill. kr.

Konto 2 5600 007 - Til disposisjon for kommunestyret 18,8 mill. kr. (blir overført til konto 2 5600 018)

Vedtaket føreset at det vert inngått juridisk bindande avtalar med dei aktuelle grunneigarane i området.

Oppsummert er det vedtaket i sak 76/2019 i Os kommunestyre som har vore utgangspunktet for arbeidet med prosjektet i Vestland fylkeskommune. Prosjektet inneholder ein ny to-felts veg på 1,38 km, separat gang- og sykkelveg, kryss og tilkomstveg med fortau til bustadområdet Hellebakkane, i Bjørnafjorden kommune. Kartutsnittet under syner kor i Vestland fylke prosjektet er.



Tidleg i 2020 vart det avklart med Bjørnafjorden kommunen at det var mest føremålstenleg at Vestland fylkeskommune overtok byggherreansvaret for fylkesvegen. Det viste seg også at i vedteken prosjektramme, 89,5 mill. kr, er det innarbeidd for låge byggherrerekostnad. Som ein

følgje av dette vart det i arbeidet med investeringsprogrammet 2021-2024 lagt til byggherrekostnadar, meirverdiavgift og prisjustering til 2021-kr slik at alle kostnadar i prosjektet er innarbeidd. Prosjektet har ut frå dette no ei løyvinga på 121,2 mill. 2021-kr fordelt på åra 2021-2023. Finansieringa som er føresett er slik:

- Tilstot Bjørnafjorden kommune: 66,8 mill. kr
- Låneopptak 30,6 mill. kr
- Meirverdiavgiftskompensasjon: 23,8 mill. kr

Auken i byggherrekostnadar er då lagt inn i tilskotet frå kommunen då dei har vedtak på at dei tek risikoen ved overskridinger.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget , jf. pkt. 1 i Reglement for økonomiforvaltninga

Vurderingar og verknader

Nye moment/endringar i prosjektet

Ettersom fylkeskommunen no vil stå for bygginga av tiltaket sjølv har det vore naudsynt å kvalitetssikre alt underlagsmateriale samt gjennomføre eit nytt byggherreoverslag. Vidare må vi få finansieringsavtalen med Bjørnafjorden kommune på plass før anbodsutlysing.

Det nye byggherreoverslaget viser ein kostnad inkl. mva på 138,8 mill. 2021-kr. Dette er ein auke på 17,6 mill. kr i høve gjeldande prosjektløyving. Det har tidlegare vore føresett at prosjektet skulle byggast i samband med ny E39 Svegatjørn - Rådal og nyte ein opsjon, noko som ikkje lengre er mogleg. Auken i kostnadar er såleis ein konsekvens av dette, dvs. å byggje vegen mellom Åsen og Helleskaret som eit frittståande prosjekt er meir kostnadskrevjande.

Prosjektet har tidlegare vore igjennom ein kuttfase, og det er det nedskalerte prosjektet som er lagt til grunn. Det einaste ein no kan kutte ut og gjere ei innsparing på er på gang- og sykkelvegen, noko fylkesrådmannen ikkje vil tilrå.

Med ein høgare prosjektkostnad må også Bjørnafjorden kommune gå attende til kommunestyret for å få auka løying til prosjektet. I samband med dette ønskjer administrasjonen i Bjørnafjorden kommune å endre på føresetnaden om at kommunen tek risiko for ev. overskridinger. Kommunen har signalisert at dei ønskjer ei deling av risiko, og at det er det siste byggherreoverslaget som skal delast etter fordelingsnøkkelen 1/3 på fylkeskommunen og 2/3 på kommunen. Dette er så store endringar i prosjektet sine føresetnadar at fylkesrådmannen ikkje kan akseptere dette utan fylkestinget sitt samtykke.

Under har fylkesrådmannen skissert 3 ulike alternativ til korleis kostnadsauken i prosjektet kan finansierast. Eit alternativ 4 er å ikkje gjennomføre investeringsprosjektet.

Alternativ 1:

Prosjektkostnaden i investeringsbudsjettet vert auka med 17,6 mill. kr, frå 121,2 mill. 2021-kr til 138,8 mill. 2021-kr.

Vi står fast på opphavelege føresetnadar og vedtak i sak 76/2019 i Os kommunestyre om finansiering, dvs.:

- Forventa meirverdiavgiftskompensasjon vert berekna til 26,4 mill. 2021-kr
- Fylkeskommunal finansiering/lån på 29,8 mill. kr omrekna til 30,6 mill. kr 2021-kr
- Tilstot frå Bjørnafjorden kommune må aukast med ytterlegare 15 mill. kr, frå 66,8 mill. kr til 81,8 mill. 2021-kr.

I dette alternativet er all risiko knytt til endringar i prosjektkostnad samt ev. endringar knytt til meirverdiavgiftskompensasjonen lagt på kommunen.

Alternativ 2

Prosjektkostnaden i investeringsbudsjettet vert auka med 17,6 mill. kr, frå 121,2 mill. 2021-kr til 138,8 mill. 2021-kr. Det er dette nye kostnadsoverslaget som dannar grunnlag for kostnadsdelinga mellom fylkeskommunen og kommunen.

Finansieringa vert då slik:

- Forventa meirverdiavgiftskompensasjon er berekna til 26,4 mill. 2021-kr
- Fylkeskommunal finansiering/lån må aukast med 6,9 mill. kr, frå 30,6 mill. 2021-kr til 37,5 mill. kr
- Tilskot frå Bjørnafjorden kommune må aukast til 74,9 mill. 2021-kr.

I dette alternativet har fylkeskommunen teke sin del av kostnadsauken før prosjektet vert starta opp. Ev. ytterlegare endringar i prosjektkostnad og endringar knytt til meirverdiavgiftskompensasjonen er ein risiko som kommunen må ta.

Alternativ 3

Som alternativ 2 men med ein ny fordeling av risiko for ev. endringar i prosjektkostnad og meirverdiavgift. I høve risikofordeling er det også fleire moglege alternativ. Fylkesrådmannen skisserer her to alternativ, høvesvis Bjørnafjorden kommune sitt alternativ, punkt a nedanfor, deretter eit nytt alternativ, punkt b:

- a) Risikovert fordelt med 1/3 på fylkeskommunen og 2/3 på kommunen.
- b) Kommunen tek all risiko for overskridinger på inntil 10% av kostnadsoverslaget. Utover 10% vert fordelinga 1/3 på fylkeskommunen og 2/3 på kommunen.

Alternativ 4

Ikkje gjennomføre investeringsprosjektet på grunn av store endringar i prosjektet sine føresetnader.

Fylkesrådmannen si vurdering og tilråding

Bygging av ny veg mellom Åsen og Helleskaret er eit investeringsprosjekt som har vore med i fylkeskommunen sine planar og budsjett i mange år. Økonomisk var dette også eit gunstig prosjekt då det var tenkt gjennomført som ein del av bygginga av ny E39 mellom Svegatjørn - Rådal. I tillegg var det føresett eit lite fylkeskommunal bidrag noko som gjorde at dette prosjektet vart prioritert.

Prosjektet er viktig for kommunen då vegen kan løyse ut både vedteken og framtidig byggeland til bustad, næring og offentlege føremål. Vidare skal kommunen investere i nytt vass- og avlaupssystem. Dette er moment som tilseier at kommunen har ein større interesse av å få det gjennomført enn fylkeskommunen. Med dette som utgangspunkt meiner fylkesrådmannen at kommunen framleis må stille opp viss prosjektet skal gjennomførast.

Tek ein omsyn til fylkeskommunen sin økonomiske situasjon må alle investeringsprosjekt vurderast på nytt når det oppstår kostnadsauke i prosjekter før oppstart. Det nye kostnadsoverslaget på 138,8 mill. 2021-kr, basert på gjeldande reguleringsplan, har ein usikkerheit på +/- 10 %. Fylkesrådmannen vurderer at den største usikkerhetsfaktoren i prosjektet er knytt til grunnforholda. Og denne risikovert får vi ikkje vurdert før det er utført ytterlegare grunnundersøkingar og skoghogst.

No når fylkeskommunen har overtatt byggherreansvaret ser fylkesrådmannen det som naturleg at fylkeskommunen også tek litt meir av risiko i prosjektet. Fylkesrådmannen tilrår difor alternativ 3a, men på visse vilkår. Det betyr at det er det nye kostnadsoverslaget på 138,8 mill. kr som vert lagt til grunn for kostnadsdelinga, samt deling av risiko. Følgjande vilkår vert sett:

1. Det vert sett i gang skoghogst og ytterlegare grunnundersøkingar. Etter at det dette er gjennomført skal fylkesrådmannen vurdere kostnadsoverslaget på nytt. Viss prosjektkostnaden framleis er innafor 138,8 mill. kr +/- 10 % vil prosjektet fortsette. Viss det er overskridinger må fylkesrådmannen diskutere vidare framdrift med Bjørnafjorden kommune og kome attende til fylkestinget med ei ny sak.

2. Bjørnafjorden kommunen får ikkje refundert påløpte kostnadar dei har hatt så langt i samband med planlegginga av prosjektet.

Med desse vilkåra meiner fylkesrådmannen at fylkeskommunen sin risiko i prosjektet er på eit akseptabelt nivå. Fylkeskommunen sin del av kostnadsauken vert finansiert ved auka låneopptak.

Økonomi:

Tiltaket inneber auka kostnadar for fylkeskommunen. Løyvinga til investeringsprosjektet vert tilrådd auka samstundes som det vert tilrådd ein annan fordeling av kostnadane mellom Bjørnafjorden kommune og Vestland fylkeskommune.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Investeringsprosjektet Åsen - Helleskaret i Bjørnafjorden kommune er eit prosjekt som det har vore arbeidd med over lang tid, men enno ikkje realisert. Nytt kostnadsoverslag syner ein kostnadsauke på 17,6 mill. kr. Det vert tilrådd at nytt kostnadsoverslag på 138,8 mill. kr vert lagt til grunn for kostnadsfordelinga mellom fylkeskommunen og Bjørnafjorden kommune. Fylkeskommunen sin del av kostnadsauken vert finansiert ved auka låneopptak.

Vidare vert det tilrådd at fylkeskommunen også tek på seg å dekke sin andel av risiko i prosjektet på gitte vilkår. Vilkåra er som følgjer:

1. Det vert sett i gang skoghogst og ytterlegare grunnundersøkingar. Etter at dette er gjennomført skal fylkesrådmannen vurdere kostnadsoverslaget på nytt. Viss prosjektkostnaden framleis er innafor 138,8 mill. kr +/- 10 % vil prosjektet fortsette. Viss det er overskridinger må fylkesrådmannen diskutere vidare framdrift med Bjørnafjorden kommune og kome attende til fylkestinget med ei ny sak.
2. Bjørnafjorden kommunen får ikkje refundert påløpte kostnadar dei har hatt så langt i samband med planlegginga av prosjektet.